

# Språkpolitiske retningsliner for Nord universitet

## Innhald

1. Generelt .....	1
2. Samisk .....	1
3. Parallellspråk .....	2
4. Klarspråk .....	2
5. Utdanning .....	2
6. Forsking.....	3
7. Formidling og samfunnskontakt.....	4
8. Administrasjon og informasjon.....	4
9. Implementering og forvaltning.....	5

**Nord universitet sitt språkpolitiske mål:** «Sikre det norske, fremje det samiske, betre det engelske.»

## 1. Generelt

Dei språkpolitiske retningslinene skal hjelpe til med å sikre det norske språket og norsk fagterminologi, utvikle samisk språk og fagterminologi, og gjere bruken av engelsk ved universitetet betre.

Språkpolitikken ved Nord universitet skal hjelpe til å auka kunnskap, samfunnsengasjement og styrke samarbeid med samfunns- og næringsliv. Dei språkpolitiske retningslinene skal hjelpe til med å utvikle den språklege kompetansen til kandidatane som universitetet uteksaminerer, og med det styrke deltakinga deira i den nasjonale og internasjonale arbeidsmarknaden, og generelt i kunnskapssamfunnet.

Universitetet skal leggje til rette for at tilsette og studentar utviklar eit medvite forhold til språk, og samanhengen mellom språk og demokrati, kultur og kommunikasjon.

Universitetet skal sikre at tilsette og studentar ved institusjonen har tilgang til nødvendige hjelpemiddel, i form av informasjon, opplæring og språktenester, for å kunne gjere gode språkval og levere tekstar som held høg språkleg kvalitet.

Norsk er primærspråket ved Nord universitet.

Bokmål er den skriftlege fleirtalsmålforma i regionane der Nord universitet er representert. Universitetet si målsetting er å møte krava i *Lov om målbruk i offentleg teneste* der det blir understreka at nynorsk skal brukast i minst 25 prosent i offisielt tilgjengelege rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang og liknande.

## 2. Samisk

Nord universitet har eit nasjonalt ansvar for lulesamisk og sørsamisk i høgare utdanning og forskning. For å styrke, utvikle og ta vare på lulesamisk og sørsamisk språk, vil Nord universitet leggje til rette for at samisk språk både blir høyrte og sett ved studiestadene til universitetet.

Vidare vil universitetet leggje til rette for vidare utvikling av eit samisk fagspråk. Målet er at samisk blir eit aktuelt publiseringsspråk, i tillegg til at fleire fagtilsette skaffar seg samisk språkkompetanse.

### 3. Parallelspråk

Høgare utdanning og forskning har ein internasjonal karakter. Språk er ein viktig reiskap for å ta vare på og utvikle universitetet sitt internasjonale engasjement.

Engelsk er det mest utbreidde internasjonale språket ved Nord universitet, og dette språket blir meir og meir viktig i undervisning og publisering. Samtidig skal universitetet ta vare på og utvikle det norske språket i samsvar med prinsippa som er definerte under pkt. 1.

Parallelspråkbruk skal dermed vere eit berande prinsipp i språkpolitikken, og skal også stimulere til internasjonalt samarbeid. Nord universitet skal arbeide for å nå ein føremålstenleg og forsvarleg balanse mellom nasjonalt språk og det internasjonale kunnskapsspråket engelsk.

Nord universitet har i *Delstrategi for internasjonalisering ved Nord universitet* definert eit mål om auka mobilitet blant faglege og administrative tilsette, både innkommande og utreisande. Språkpolitikken ved Nord universitet skal hjelpe til at universitetet blir ein attraktiv og inkluderande arbeidsplass for tilsette og besøkande som ikkje har norsk som morsmål. Tilbod om norsk opplæring og krav om norsk språkkunnskap skal ha som mål å styrke samfunnsdeltakinga og tilhøyrsla blant utanlandske tilsette.

### 4. Klarspråk

Eit klart og godt språk styrker demokratiet og er ein føresetnad for eit velfungerande universitetssamfunn. Prinsippet om klarspråk, eit korrekt, klart og mottakartilpassa språk, skal leggjast til grunn for skriftleg kommunikasjon frå og til Nord universitet.

Føremålet med klarspråk er å lage mottakartilpassa tekst. Studentar og tilsette ved Nord universitet skal vere i stand til å uttrykke seg i eit forståeleg klarspråk. Dette inneber ikkje at alle tekstar skal vere enkle, eller at tekstar skal vere frie for fagspråk.

Klarspråk, eller *Plain English*, skal også gjelde for engelskspråkleg kommunikasjon.

### 5. Utdanning

- a. Undervisningsspråket ved Nord universitet skal normalt vere norsk. Dei skandinaviske språka norsk, svensk og dansk blir sett på som likeverdige som undervisningsspråk.
- b. Engelsk er undervisningsspråket i kurs og program som går inn i den internasjonale studieporteføljen til universitetet. Engelsk er aktuelt som undervisningsspråk i kurs og program der engelsk språkkunnskap utgjer ein del av læringsutbyttet.
- c. Studentar blir rekna å kjenne til og kunne bruke både norsk og engelsk fagspråk. Krav til norskkunnskap gjeld ikkje utanlandske studentar som deltar i internasjonale studieprogram. Studentar som deltar på kurs i samisk språk og kultur, skal kjenne til og kunne bruke fagspråk på samisk.
- d. Der undervisningsspråket er engelsk, bør studentane bli tilbydd ei norsk-engelsk termliste som ein del av pensumlitteraturen. Denne termlista bør innehalde eit oversyn over dei viktigaste engelske fagomgrepa omsette til norsk.
- e. Språklege ferdigheiter skal vere ein del av læringsutbyttet for gradgjevande studieprogram på alle nivå. For bachelorprogram som ikkje høyrer med i den internasjonale studieporteføljen, bør engelske språkferdigheiter vurderast frå andre studieår. I master- og doktorprogram bør engelske språkferdigheiter leggjast vekt på.

- f. Eksamenssvar skal normalt skrivast på det språket som er oppgitt i emneplanen, cf. *Forskrift om studier og eksamen ved Nord universitet* §8-1. Bachelor- og masteroppgåver som er skrivne på norsk, skal ha eit samandrag på engelsk. Bachelor- og masteroppgåver som er skrivne på engelsk, skal ha eit samandrag på norsk. Krav om norsk samandrag gjeld ikkje for utanlandske studentar som deltar på internasjonale studieprogram.
- g. Tilsette i undervisningsstillingar som ikkje meistrar norsk, skal få tilbod om norsk språkkurs og språkleg vegleiing i arbeidstida. Alle tilsette i undervisningsstillingar bør gjevast tilbod om engelsk språkkurs og språkleg vegleiing.
- h. Vitskapleg tilsette som ikkje meistrar norsk eller eit anna skandinavisk språk ved tilsetjinga, bør kunne forstå norsk tale, svare på spørsmål på norsk frå studentar og ha ei norskspråkleg forståing som fører til at dei kan delta på norskspråklege møte i løpet av to år etter tilsetjinga.
- i. Alle studentar ved institusjonen bør i løpet av fullgradsstudium få tilbod om kurs i akademisk skriving, for å sikre at studenten utviklar språk-, tekst- og sjangerkompetansen sin.
- j. Alle utanlandske studentar bør bli tilbydde kurs om norsk språk, kultur og samfunn, som er tilpassa lengda på studieopphaldet deira. Kurs skal først og fremst gje studiepoeng.

## 6. Forsking

- a. Den enkelte forskar står fritt til å velje publiseringsspråk. Når ein vurderer publiseringsspråk, er det naturleg å gjere både faglege vurderingar og ta kommunikasjonsmoglegheitene med relevante nasjonale og internasjonale forskingsmiljø med i vurderinga.
- b. Universitetet skal leggje til rette for at samisk blir eit aktuelt publiseringsspråk.
- c. Doktorgradsavhandlingar som blir skrivne på norsk, skal ha eit samandrag på engelsk. Tilsvarende gjeld for doktorgradsavhandling som blir skrivne på engelsk, cf. *Forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Nord universitet* §18-1. Alle avhandlingar skal ha ei kort, populærvitskapleg oppsummering på norsk.
- d. Universitetet skal stimulere til, og gjennom kurs og på andre måtar, tilby opplæring og vegleiing i å skrive vitskaplege artiklar.

## 7. Formidling og samfunnskontakt

- a. Formidling til allmenta skal skje på det språket som er mest føremålstenleg for det publikummet ein vender seg til, og forma skal vere tilpassa mottakarane. Universitet skal oppfylle formidlingsansvaret sitt overfor allmenta ved å kommunisere forskingsbasert kunnskap på norsk. Formidling til spesielle grupper i Noreg og til den internasjonale allmenta bør skje på engelsk.
- b. Universitetet vil gje tilbod om opplæring i populærvitskapleg skriving, som legg vekt på klarspråk og som stimulerer til auka publisering i kanalar som [forskning.no](http://forskning.no), Store norske leksikon, aviser og fagbøker.
- c. Universitetet vil gje opplæring og vegleiing i munnleg forskingsformidling som er med på å gjere Nord universitets meir synleg i nasjonale og internasjonale kanalar og arenaer.

## 8. Administrasjon og informasjon

- a. Hovudskiltinga på dei største studiestadene skal vere på norsk og samisk.
- b. Informasjon til noverande og potensielle studentar og tilsette skal utformast på engelsk og gjerast tilgjengeleg på universitetet sine nettsider og intranett.

- i. Engelskspråkleg informasjon skal, som ei minimum, omfatte det som er nødvendig for den enkelte tilsette/student for å utføre arbeidet sitt, overhalde pliktene sine og forstå rettane sine.
  - ii. Omfanget av engelskspråkleg informasjon skal ta omsyn til at utanlandske tilsette og studentar skal trivast og kunne delta i universitetssamfunnet.
  - iii. Omfanget av engelskspråkleg informasjon skal særleg hjelpe til å styrke rekruttering av utanlandske tilsette og studentar til Nord universitet.
  - iv. Engelskspråkleg informasjon skal omfatte, men er ikkje avgrensa til, sentrale dokument, studieplanar, gjeldande lovar og reglement, skjema, vegleiingar, handbøker og informasjon om organisert aktivitet.
  - v. Språkutvalet kan, gjennom utfyllande retningslinjer, definere innhald som skal vere tilgjengeleg på engelsk i dei forskjellige kanalane.
- c. Organisatoriske einingar og roller skal gjevast namn på engelsk. UHR sin termbase skal brukast der det er mogleg. Universitetet skal i tillegg halde ved like og utvikle vidare ein eigen engelsk terminologibase.
  - d. Administrative tilsette bør ha tilstrekkeleg kompetanse i engelsk for å kunne stå til teneste for utanlandske studentar, tilsette og besøkande på ein tilfredsstillande måte.
  - e. Studieplanar for studieprogram som gjeld samisk språk og kultur, skal normalt publiserast på eitt av dei to samiske språka som Nord universitet har ansvar for.
  - f. Engelskforma som blir brukt ved Nord universitet er britisk-engelsk standard (Oxford English Dictionary).

## 9. Implementering og forvaltning

- a. Implementering av dei språkpolitiske retningslinjene skal gå inn som ein del av fakulteta sine årlege handlingsplanar.
- b. Universitetet skal formidle språktenester, som språkopplæring og kurs, språkvask og omsetjing.
- c. Eit språkpolitisk utval (Språkutvalet), som er oppnemnt av rektor, skal ha ansvar for å følge opp og gjennomføre dei språkpolitiske retningslinjene og språkpolitikken til universitetet. Utvalet skal vere samansett av tilsette i sentrale leiarposisjonar og ein student. Utvalet skal ha ein eigen sekretær. Utvalet rapporterer til styret i universitet sin Årsrapport om utviklinga i språkpolitikken ved institusjonen, og utformar overordna handlingsplanar for implementering av dei språkpolitiske retningslinjene.